

Protokoll frå årsmøte i Spelemannslaget De frilynde i øvingslokalet på Hebekk skole onsdag den 21. januar 2004 kl. 19.00.

Formannen opna møtet . Det var 15 frammøtte.

Sak 1: Innkalling og sakliste blei godkjent og møtet sett.

Sak 2: Jo Ragnar Finserås blei valt til møteleiar og Nils Seland blei valt til referent.

Sak 3: Årsmelding. Formannen las opp årsmeldinga.

Bjørn Sæves kommenterte at spørsmålet om leige for skolelokalar er anka, og at det dermed ikkje er sikkert at det blir noko å betala for oss.

Tillegg: Det er avvikla 2 styremøter i meldingsåret.

Årsmeldinga blei godkjent.

Sak 4: Rekneskap. Kasseraren leverte ut kopi og gjekk gjennom postane. Samla beholdning pr. 31/12-2003 er kr 9 924,79.

Bjørn Sæves spurte om praksis for dekking av reiseutgifter og meinte desse pengane heller burde brukast til å auka kompetansen i laget. Spørsmålet blei sendt til styret til avgjerd.

Rekneskapen godkjent.

Sak: 5: Praksis for kontingentbetaling.

I dag betaler kasseraren kontingent til Lfs samla for dei som møter jamt på øving gjennom heile året. Det blir ikkje rekna eigen kontingent til laget.

Saka blei drøfta, men avgjerd om eventuell endring blir utsett til neste årsmøte.

Sak 6: Valg

Styreleiar: Jo Ragnar Finserås. (gjenvalg)

Styremedlem og kasserar: Oskar Fevåg (ikkje på valg)

Styremedlem og sekretær: Nils Seland (gjenvalg for 2 år)

Revisor: Helge Slyngstad (gjenvalg)

Festkomité: Blir valt etter behov.

Noteutvalg: Nils Seland, Magnar Graav og Jo Ragnar Finserås (gjenvalg)

Valgnemnd: Øystein Austarå (formann), John Nordum og Magnar Graav. (gjenvalg)

Ski den 21. januar 2004

Nils Seland
referent

Etter at det formelle årsmøtet var avslutta, blei desse saken drøfta:

- Landsfestivalen på Oppdal 2004. Ca 40 rom er reservert på Slettvoll Park. Påmelding til styreleiaren snarast, og seinast innan 3. mars.
- Øvingsstad. Først og framst for å gjera det lettare for dei yngste å delta på øving, blei det drøfta om ein kunne leggja kvar 2. øving til Drøbak i første halvår 2004. Ei prøverøysting viste at det var 1 som stemte mot dette. Det blir dermed sett opp ein øvingsplan med denne ordninga.

- Ambisjonar for 2004.
Egil meinte me burde starta arbeidet med å spela inn slåttar med tanke på ei ny plate. Dette fekk støtte frå fleire.